

# Referat til styremøte 2023/2 i Norsk folkemusikklag

*Teams mandag 30. januar kl. 19.00—21.00*

Til stades: Bjørn Aksdal, Sveinung Søyland Moen, Tom Willy Rustad, Andrea Kasbo Rygh og Angun Sønnestyn Olsen

## **Sak 12/23 Korte meldinger**

Valgkomiteen ynskjer å ha sentrale institusjoner representert i styret, og legg vekk på dette når dei ser etter nye styremedlemmer.

Leiar har sendt fleire forespørslar til SFF om ein ny representant i redaksjonen. Norsk folkemusikklag etterlyser svar frå senteret.

Årsmøtet: Teams eller Zoom? Valet vart teams.

Medlemslista er gått igjennom og det er tatt kontakt der namnet har ramla ut av lista for å sjå om dei framleis vil vera medlem. Styret ynskjer framover å sjå på ulike løysingar for å betre ivareta GDPR- reglementet i forhold til arbeid med medlemslista

Sveinung gav rapport frå Klengen før fela som var ei flott kurshelg med ca. 70 deltakarar. Det var òg eit instrumentmakartorg der instrumentmakarar fekk presentera seg.

Styret ser at ein treng ein roll-up med informasjon om laget som kan stå på bord, slik at den er enklare å ta med på arrangement.

## **Sak 13/23 Referat fra forrige styremøte**

Styret gjekk kort igjennom referat frå førre styremøte.

## **Sak 14/23 Medlemsavgiften i 2023**

Styret diskuterte om ein skal auke medlemsavgifta eller la ho verta ståande slik den er i dag. Medlemsavgifta har gått opp i pris ein gong dei siste 10 åra. Kostnaden på Musikk og Tradisjon aukar i takt med samfunnet elles. Det kan jobbast med å få ned prisen på dette til neste nummer, men ein ser at det på sikt kan bli vanskeleg å halde seg innan budsjettet om ein ikkje aukar medlemsavgifta.

## **Sak 15/23 Budsjett for 2023**

Budsjettet vart presentert og diskutert, og godkjent. Styret vil legge fram budsjettet på årsmøte og vise kva postar som vart diskutert. Nokre postar kunne styret gjerne sett at det var eit romslegare budsjett. Dette, samt kostnaden av Musikk og Tradisjon, er ting som peikar for ei auke av medlemsavgifta.

## **Sak 16/23 Ungt forskerforum**

Støtte til forumtreffet i UFFD vart diskutert. Søknad til støtte kan sendast til leiaren i styret. Summen er 5000,-.

I avtalen med UFFD står det at den nye arbeidsgruppa vil bli valt på årsmøtet til NFL. Andrea tar kontakt med Isa Holmgren og hører om dei er klare til å ha val på årsmøtet og om dette skal settast opp som punkt.

Styret ynskjer også å delta og å presentere laget på UFFD sitt forumtreff. Styret ynskjer å sende minst ein person.

**Sak 17/23      Bidrag til Musikk og tradisjon**

Leiar informerte om status og innkomne artiklar.

Det er framleis plass til fleire artiklar, så styret må framover tenke på og sjå etter moglege skribentar, nye bøker for meldingar og konferansar. Det vart også diskutert og informert om at ein også kan inkludere populærvitskaplege artiklar i skriftet.

**Sak 18/23      Innspill fra Siri Mæland**

Styret diskuterte vidare innspel frå Siri Mæland om norske forskarar og ICTM. Det er mykje som er forandra i utdanninga innan folkemusikk, og den har blitt mykje meir retta mot utøvande virksomhet. Dette kan påverke at fagmiljøet forandrar seg og det ikkje lenger er like mange teoretiske arbeid. Det er også fleire som er både forskar og utøvande her til lands.

Kva kan styret bidra med for å opplyse fagmiljøet om ICTM og oppmuntre til involvering i eit internasjonalt fagmiljø? Styret kan synleggjere ICTM sitt arbeid betre gjennom facebook og nettsida til laget ved å dele informasjon som ICTM publiserar. Det bør også informerast om ICTM på UFFD sitt forum. Det vart også lagt fram forslag om at ein kontaktar dei institusjonane med utøvande master om å få studentane til å skrive ein tekst om kva dei har gjort.

Dette må fylgjast opp framover.

**Sak 19/23      Tidspunkt for neste styremøte/redaksjonsmøte**

Neste styremøte er 6. mars klokka 19-21.

**Sak 20/23      Eventuelt**

Arbeidsplan og referat over året må sendast inn til leiar innan 10. februar, slik at informasjonen når medlemmane i tide før årsmøtet.